



ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Alver - 123/45 - Risa - kai og flytebrygge - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 12.12.22. Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av kai på om lag 31 m<sup>2</sup> og flytebrygge på om lag 18 m<sup>2</sup>, med tillegg av landgang.



Situasjonsplan



Ortofoto

Kommunen har vurdert at det er naudsynt med dispensasjon frå arealføremål «friområde» i reguleringsplan, arealføremål «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner» i kommuneplan for tidlegare Lindås kommune, og byggegrense mot sjø jf. pbl.§1-8 andre ledd.

### Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert frå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.



I 100-metersbeltet langs sjø skal det alltid takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser jf. pbl. § 1-8 fyste ledd. Strandsona skal generelt haldast open og privatisering og nedbygging skal unngåast. Forbodet i § 1-8 andre ledd skal vege tungt. Eventuelle avvik frå dette forbodet skal som hovudregel skje gjennom ordinær planlegging, ikkje som dispensasjon, jf. Ot.prp.nr 32 (2007-08)

Det er naudsynt med dispensasjon frå pbl. § 1-8, i tillegg til arealformål på land og i sjø. Det ser også ut som det er eit plankrav for tiltak i friområdet i reguleringsplanen. Det aktuelle området er urørte bortsett frå naustet med båttopptrekk. Området er lite privatisert i dag. Brygga skal ligge vest for naust, festet i urørt svaberg. Etter det vi kan sjå er området utanfor naustet og i området det kaien er søkt om, grunt og eigna for vassing og leik i fjæra. Slike områder kan også vere viktig for naturmangfaldet. Statsforvaltaren si vurdering er at området har gode strandsonekvalitetar som vil verte redusert ved å oppføre kai og flytebrygge. Vi meiner dei omsøkte tiltaka vil føre til meir privatisering og nedbygging av verdifull strandsone.

Vi viser også til at det er etablert ein småbåthamn i nærleiken og at kommuneplanen ser ut til å opne for å planlegge for ei utviding av denne. Om det er naudsynt med fleire båtplassar i området bør dette vurderast i ein reguleringsplan, i samsvar med overordna plan.

Vi vil også gjere kommunen merksam på at det vart søkt om ei liknande kai og flytebrygge i 2019 (dykkar sak 19/27). Fylkesmannen, no Statsforvaltaren, klaga på vedtar om dispensasjon i den saka og Fylkesmannen i Rogaland omgjorde kommunen sitt vedtak i brev datert 11.03.2020.

Statsforvaltaren rår ifrå dispensasjon for kai og flytebrygge som omsøkt.

Vi ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN